



Kunnskapsdepartementet

Postboks 8119 Dep
0032 Oslo

Dykkar ref
200706434-/BMO

Vår ref
2008/1168-PEH

Dato
15.04.2008

Høring - Endring av forskrifter om opptak til universiteter og høyskoler - behandling av klager om avslag på søknad om dispensasjon fra kravet om generell studiekompetanse - Nasjonal klagenemnd for opptak gjennom Samordna opptak

Vi viser til departementets brev av 24.01.2008. Etter intern høring blant fakulteta og drøfting i institusjonens klagenemnd har Universitetet i Bergen utarbeidd følgjande høringsutsegn:

Saka er fremja som ei sak om formelle reglar; om kva for organ som er klageinstans for vedtak om å avslå søknader om dispensasjon frå kravet om generell studiekompetanse som minstekrav for opptak. Framlegget er at desse sakene ikkje lenger skal handsamast av klagenemndene ved kvar institusjon, men av den nasjonale nemnda for opptakssaker.

Universitetet i Bergen har ikkje noko å innvende mot framlegget slik det er. Ein er samd i at det bør vere mest mogleg sams praksis når det gjeld å fråvike det normale minstekravet. Likeins er Universitetet i Bergen samd i at det er dei lokale organa som framleis skal handsame klager frå søkjarar som har fått dispensasjon, men som ikkje er vurdert som kvalifiserte til, eller ikkje har nådd opp i konkurransen om, studieplass på bestemte program.

Ein vil likevel peike på at reglar om kva for organ som skal handsame klager berre er ein del av saka, fordi det er to kategoriar klageorganet ikkje får til handsaming: Dei sakene der eit avslag ikkje vert påklaga, og dei sakene der søkjaren får medhald i førsteinstansen. Også desse er svært viktige for utviklinga av ein heilskapleg og lik praksis. Såleis vert det svært sentralt kva for retningsliner institusjonane har å halde seg til, og at det er gode rutinar for informasjonsutveksling mellom institusjonane. Universitetet i Bergen vil derfor oppmode departementet til å leggje vekt på også dette når forskriftsendringa skal setjast i verk.

Kari Tove Elvbakken

Hilde Hvidsten Bretvin

Kopi: Fakulteta

Utdanningsavdelinga

Formidlingsavdelinga